

Reiselivsplan for Fedje kommune

«Landsbyen i havet»



Innhald

| | |
|---------------|-----------|
| Innhald | II |
|---------------|-----------|

1. Innleiing

Reiselivsplanen for Fedje kommune gjekk ut i 2022. Denne planen er ei enkel revidering av planen. Planen frå 2018 skal vidareførast med oppdatering og status pr. i dag for arbeidet med reiseliv på Fedje. Fokus vil være på samarbeid, handling og tiltak.

Planen frå 2018 vil bli vidareført slik den ligg. Kapittel 11 (Handlingsplan) er revidert i denne planen til å gjelde frå 2023 til 2027. Det er og laga ei kort evaluering av handlingsplanen frå 2018 til 2022. Ein kan sjå på revideringa som eit vedlegg til reiselivsplanen frå 2018.

Fedje kommune har lite ressursar til å jobbe med næringsutvikling generelt og reiseliv spesielt. Kommunen sin viktigaste rolle er som tilretteleggjar for at reiselivet kan vokse og utvikle seg. Kommunen kan og være ein dørøpnar til andre offentlege verksemdar, som til dømes Vestland fylkeskommune, og samarbeide med ulike organisasjonar som til dømes Industriutvikling Vest, UNESCO biosfæreområde, regionråd og andre kommunar.

Regjeringa:

Noreg har ein storslegen natur, eit rikt mangfald av kulturminne og eit kulturliv som skaper interesse i utlandet. Norsk reiselivsnæring har med dette gode føresetnader for å gjenreise seg i åra framover. (Regjering.no)

Vestland fylkeskommune:

Vi skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet. Vestland sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling slår fast at Vestland skal vere ein leiande havregion. (Vestland.no)

Fedje kommune:

I Reiselivsplanen for Fedje kommune er «Kommunal vilje til å leggje til rette for reiselivssatsing» satt som ein styrke i SWOT analysen.

På Fedje vil arbeid med reiseliv og være ei satsing på lokalsamfunnsutvikling. Eit døme på det er Liv og Lyst prosjektet si satsing på aktivitetar som ikkje berre kjem dei fastbuande og hyttefolket til gode, men og alle som vitjar Fedje. Eit anna døme er frivillig arbeid som gjerast, mellom anna å leggje til rette for merka turstiar, frisbeegolf, ulike arrangement, badeplass m m.

Vi vil takke Liv og Lyst på Fedje for å ha gjennomført medverkingsprosess i utarbeiding av planen og Reidar Bøen (Fedje Landhandleri AS) og Linda Husa (Liv og Lyst) for gode innspel til revideringa.

Berit Karin Rystad

Fedje 25.08.2023

2. Visjon, mål og strategiar for reiselivet på Fedje 2023-2027

Planen for 2023-2027 vil i all hovudsak følgje reiselivsplanen for 2018-2022.

Vår felles visjon

Fleire ser Fedje som eit attraktivt og interessant reisemål. Aktivitetar og opplevingar er knytt til natur, kultur og historie. Dei som vitjar Fedje reiser heim som gode «Fedje-ambassadørar» og gjer Fedje meir kjent regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Strategiar

1. Vidareutvikle produktet Fedje gjennom overnatting, opplevingar, aktivitetar og servering/mat
2. Vidareutvikle kompetanse innan reiseliv
3. Jobbe med meir og betre med profilering og marknadsføring av reisemål Fedje
5. Bygge omdøme og profilering

Mål

Fedje kommune skal utviklast til å bli eit attraktivt reisemål som er basert på gode opplevingar med høg kvalitet, både for dei fastbuande og dei tilreisande.

Fedje kommune skal vidareutviklast til eit levedyktig og vekstkraftig lokalsamfunn med vekst i folketal og nye verksemdar.

Delmål

- Fedje skal leggje til rette for eit solid fundament for reiselivsnæringa, og auke tal vitjande og vekst i omsetning
- Fedje skal ha ein tydeleg profil som reisemål
- Gjennom utvikling av reiselivet skal det skapast nye arbeidsplassar som bidreg til vekst i folketalet
- Fedje skal være eit attraktivt reisemål heile året ved å tilby gode opplevingar basert på naturgitte føresetnadar, lokal kultur og naturbaserte aktivitetar
- Fedje skal legge til rette for etablering av nye, lokale aktørar og produkt
- Reiselivsnæringa skal bidra til lokal verdiskaping og være prega av lønnsame bedrifter

3. Evaluering av handlingsplan for reiseliv 2018-2022

| Tiltak | Skildring | Resultat pr. 01.08.23 |
|---------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|
| Produktutvikling | | |
| 1. <i>Havfiske</i> | Avklare om det framleis er eit permanent tilbod om havfiske tilgjengeleg, og sikre at eit slikt tilbod kan være tilbydd heile året | Gjennomført |
| 2. <i>Marknad i hamna</i> | Etablere ei fast ordning med lokal marknad i hamna i | Gjennomført |

| | | |
|------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------|
| | sommarsesongen. Opne opp for lokale tilbydarar som kan selje husflidsprodukt mat, mm | |
| 3. <i>Transport til og frå Hellisøy fyr</i> | Arbeide for at det setjast opp faste turar til fyret frå hamna med omvising og matsservering | Ikkje gjennomført. Fyret er leigd ut gjennom Fedje Island |
| 4. <i>Vitje trafikksentralen</i> | Arbeide for at det blir tilbydd faste omvisingar på trafikksentralen, for eksempel 1 omvising pr. dag i sommarsesongen og elles på førespurnad | Delvis gjennomført |
| 5. <i>få på plass ei god ordning med sykkelutleige og kart for syklistar</i> | Dagens ordning med sykkelutleie fungerer, men det bør vurderast ei utleieform som er lokalisert på ferjekaia og som kan bli tilbydd hele året. | Gjennomført |
| 6. <i>Utleige av båt og fiskeutstyr</i> | Lage ein samla oversikt over kor ein kan leige båt og fiskeutstyr uavhengig av kor ein bur på Fedje. Vurdere eiga utleigeverksemd som er tilgjengeleg på heilårsbasis og der kunden kan tinge på førehand | Delvis gjennomført |
| 7. <i>Lokalmat</i> | Motivere til auka satsing på lokalmat. Kursing og rådgiving til aktørar som vil satse. Utviklingstiltak, nye prosjekt | Gjennomført |
| 8. <i>Nytt hotell på Fedje</i> | Tiltaket er begynt på og må vidareførast og spesifiserast i detalj i forhold til krav og behov i marknaden. Det må arbeidast med å finne investorar | Ikkje gjennomført |
| 9. <i>Få vurdert moglegheit for størjefiske som ny aktivitet.</i> | Dialog med fylkeskommunen som er positiv til å satse, og med fagfolk om korleis slike turar kan bli tilrettelagde og organiserast. | Ikkje gjennomført. Prøvefiske i gang |
| 10. <i>Lokalt museum</i> | Lage ein plan for eit lokalt museum med ide, mål og målgruppeval. Definere innhaldet slik at museet står fram med ein tydeleg og einsarta profil. | Ikkje gjennomført |
| 11. <i>Nytt destilleri</i> | I den grad det er mogleg bør kommunen støtte planane om nytt | Gjennomført |

| | | |
|-------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| | destilleri som kan bidra til auka turisme og merksemd kring Fedje som reisemål | |
| Profil og markedsføring | | |
| 12. <i>Marknadsplan for reisemål Fedje</i> | Lage ein plan som gir retning for felles markedsføring, profil og merkevarebygging av Fedje som reisemål. Skal sikre heilskapleg og tydeleg profil og kommunikasjon | Ikkje gjennomført? |
| 13. <i>Lage brosjyre og heimeside for reisemål Fedje</i> | Dette vil være sentrale element i ein marknadsplan for Fedje. Heimeside og brosjyre må være på fleire språk. | Gjennomført |
| 14. <i>Aktivt nytte regionsamarbeidet med Bergen Reiselivslag</i> | Bruke Turistinformasjonen i Bergen som eit salspunkt for turar til Fedje og sal av overnatting og aktivitetar. Nytte markedsføringskanalar og distribusjonskanalar som Bergen Reiselivslag har tilgjengeleg, både nasjonalt og internasjonalt. | Gjennomført |
| 15. <i>Produktpresentasjon</i> | Lage produktark og enkel produktmanual for det totale tilbodet på Fedje | Gjennomført |
| Tilrettelegging/infrastruktur | | |
| 16. <i>skilting og informasjon</i> | Få laga ein enkel skiltplan for betre skilting i hamna og på sentrale punkt rundt om på Fedje. Tiltaket må og gjelde kart. | Gjennomført |
| 17. <i>Seinare avgang for ferja</i> | Arbeide for at Fedje på sikt kan få utvida tal avgangar til seinare på kvelden. | Ikkje gjennomført |
| 18. <i>Etablere fotopunkt og wifi</i> | Gode fotopunkt med wifi-tilgang gir gratis markedsføring når tilreisande sender bilete. Bør etablerast på utvalde og sentrale stadar, for eksempel langs Nordsjøløypa | Delvis gjennomført |
| 19. <i>Leggje til rette for bubil- og båtturistar</i> | Lage og sette i verk plan for å leggje til rette for infrastruktur og gode forhold for bubilturistar og gjestehamn for båtturistar. | Gjennomført |
| 20. <i>Betre til gjenge til Hellisøy fyr</i> | Utbetre kaiforholda ved Fyrsundet for båttransport til fyret. | Ikkje gjennomført |
| 21. <i>Båtruter til Fedje</i> | Støtte opp om ny båtrute frå Bergen slik at den kan bli permanent og | Delvis gjennomført |

| | | |
|---------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| | heilårleg. Jobbe for ytterlegare utviding av sommarruta til Hellesøy. | |
| Kompetanseutvikling og kvalitet | | |
| 22. <i>Etablere eit lokalt reiselivsforum</i> | Invitere alle reiselivsbedrifter og andre som er involvert i turisme til felles møter. Bli kjent med kvarandre, bli kjent med reiselivsplanen og stimulere til betre samarbeid mellom aktørane på Fedje. | Gjennomført |
| 23. <i>Kurs for næringsaktørar</i> | Tilby kompetanseheving i form av servicekurs, vertskapskurs, Utvikling av opplevingar og andre relevante kurs og foredrag. | Delvis gjennomført |
| 24. <i>Gjesteundersøking</i> | Gjennomføre en gjesteundersøking basert på intervjuar med gjestar for å kartlegge tilfredsheit og for å avdekke kva gjesten meine manglar og som kan forbeistrast. Vil danne eit godt grunnlag for vidare utvikling av Fedje som reisemål. | |
| Organisering | | |
| 25. <i>Nullpunktsanalyse for reiselivsnæringa</i> | Arbeide fram status for reiselivsnæringa på Fedje for å måle resultat og effekt av framtidig reiselivssatsing (omsetning, verdiskaping, gjestar, arbeidsplassar m.m.) | Ikkje gjennomført |
| 26. <i>Guidar</i> | Lage ei oversikt over guidar som er tilgjengeleg i dag. Forberede og gjennomføre eit guidekurs for å rekruttere nye guidar | Ikkje gjennomført |
| 27. <i>Turistinformasjon</i> | Vurdere dagens ordning med turistinformasjon i landhandelen. Sjå på moglegheiter for å utvide ordninga med eiga betening i Sommarsesong i tillegg til utvida oppgåver som sal av aktivitetar, booking og formidling | |
| 28. <i>Rettleiarordning</i> | Tilby ei mentorordning eller starthjelp for dei som vil etablere ny reiselivsverksemd, i form av rådgiving, kommunal rettleiing eller næringsfond. | Ikkje gjennomført |

4. Handlingsplan 2023 – 2027

| Tema | Aktivitet/tiltak/prosjekt | Status /Ansvar |
|------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Produktutvikling | | |
| 1. <i>Havfiske</i> | Fedje Fiske og Bo og Kurt Rongevær tilbyr dette. | I gang. Stor etterspurnad ansvar: Tore Gismervik og Kurt Rongevær |
| 2. <i>Marknad i hamna</i> | Sommarmarknad blei for fyrste gong arrangert kvar sundag sommaren 2022. Austrheim Vidaregåande Skule laga utsalsbodar. Lokale aktørar fekk selja diverse produkt | I gang. Sommartorget er ein suksess men må marknadsførast betre. Bør evaluerast på erfaringsmøte hausten 23 Ansvar: Landsbylaget |
| 3. <i>Transport til og frå Hellisøy fyr</i> | Tiltaket er omfattande. Vurdere moglegheitene, etterspurnad, pris og «realisme» for dette tilbodet. Fedje Island (FI) arrangerer 2 «opne dagar» i året. FI har i dag leigeavtale med Fedje kommune. Det er eit ynskje med ei kommersiell drift av Hellisøy fyr | Ikkje gjennomført Fedje kommune ynskjer å avvikle avtalen med kystverket og ber om at tilbodet vidareførast med FI som leigetakar med kystverket. Ansvar: Reiselivskoordinator Frist: 23/24. |
| 4. <i>Vitje trafikksentralen</i> | Lage avtale med trafikksentralen og legge dette inn i Reiselivsbrosjyren. | Ansvar: Reiselivskoordinator Frist: 23/24. |
| 5. <i>få på plass ei god ordning med sykkelutleige og kart for syklistar</i> | Fedje Ferietun tilbyr sykkelutleige på kaia i turistsesongen. Dette fungerer fint. Det er pr i dag ikkje behov for utleige om vinteren. | Gjennomført Ansvar: Fedje Ferietun har stått for tilbodet men vidareføring må avklarast med reiselivskoordinator |
| 6. <i>Utleige av båt og fiskeutstyr</i> | Det er 2 aktørar som leigar ut båtar på Fedje. Fedje Ferietun har på førespurnad tatt på seg å etablere utleige av fiskestenger. Det er ikkje behov for heilårs leige. | Gjennomført Fedje Ferietun Det må avklarast om Fedje Ferietun ynskjer å fortsette dette arbeidet. Ansvar: Reiselivskoordinator |
| 7. <i>Lokalmat</i> | Fedje Landhandleri og Turistkontor (FL&T) marknadsførar og seljer eit avgrensa utval av lokale produkt; Sankerens Stompekakar og | Gjennomført. Har vidare utviklingspotensiale Det anbefalast ikkje å satse på dette berre for Fedje. |

| | | |
|--------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | <p>Lefser, Ikeland spekemat, Lerøy gardsegg, Haust eplesyltetøy, Sjuragarden eplemost, Kurts Hjortepølse og Hval frå Lofoten. Fjærhaug si Lynghonning produserast og seljast av Sandra Herøy på Fedje. «Olavson» driver hvalfangst med utgangspunkt i Bøvågen og leverer til Nordhordland Fisk. Olav Husa seljer kvalkjøtprodukt frå utsalslokale på Stenborgkaia. Etterspurnad etter lokal mat utanfor turistsesongen er avgrensa.</p> | <p>Ansvar: Fedje Landhandleri og Turistkontor (FL&T)</p> |
| <p>8. <i>Nytt hotell på Fedje</i></p> | <p>Søsterselskapet AS ynskjer å få bygga to hotell, eit i Fab8 og eit hotell i Nordre Vidnappen. som arkitekt Todd Saunders har visualisert. Selskapet ynskjer at Fab 8 skal opne til whiskylansering hausten 2024. Planane for hotell i Nordre Vidnappen ligg eit stykke frem i tid. Arealet må regulerast. Tomta er spektakulær og hotellet vil ei arkitektonisk perle og eit landemerke langt utover Noreg sine grenser</p> | <p>Ikkje gjennomført Ansvar: Søsterselskapet Fedje kommune</p> |
| <p>9. <i>Få vurdert moglegheit for størjefiske som ny aktivitet.</i></p> | <p>Fedje Fiske og bo driv med størjefiske. Prøvefiske i gang. Foreløpig er det berre dei som er godkjent av Havforskinga som får delta, både båt og mannskap må godkjennast.</p> <p>Norge Jeger og Fiske jobbar mot myndigheiter for å opne for turistar og kvote i 2024.</p> | <p>Ikkje gjennomført. . Ansvar: Fedje Fiske og bo v/Tore Gismervik Norge Jeger og fisk Reiselivskoordinator</p> <p>Frist: 2024.</p> |
| <p>10. <i>Lokalt museum</i></p> | <p>Det var tidlegare eit slags museum på Kremmerholmen. Fedje har ei spanande historie å fortelje. Lokalar og betening vil være ei utfordring. Olav Husa – som er veldig oppteke av Fedje si kulturhistorie kan kontaktast om mogleg bruk av hans lokalar på</p> | <p>Ikkje gjennomført</p> <p>Liv og Lyst har ikkje ei gruppe som kan arbeide med dette</p> <p>Andre organisasjonar må evt. ta på seg dette arbeidet</p> |

| | | |
|----------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | Stenborgkaia. Fedje Landhandel og turistinformasjon (FL&T) kunne halde museet oppe i sine opningstider. Samtidig kunne det være ein samlingsplass året rundt, og når Pernille og Matkrokens Kafèhjørne er stengt. Fedje treng fleire opne, felles møteplassar | |
| 11. <i>Nytt destilleri</i> | Feddie Ocean Distillery er etablert og produserer Whisky, gin og akevitt etc. Dei tilbyr omvisingar på destilleriet. Feddie Ocean Distillery har vunne priser for sine produkt, hausta stor medieomtale og er ein sentral bidragsytar til reiselivet på Fedje. | Gjennomført Vil bli vidareutvikla når Whiskyen er klar for lansering Ansvar: Feddie Ocean Distillery |
| Profil og markedsføring | | |
| 12. <i>Marknadsplan for reisemål Fedje</i> | Fedje som reisemål og kva destinasjonen har å by på er framleis lite kjent. Som Reiselivsplanen viser til er Bergen med sine mange turistar ei viktig målgruppe for reiselivet på Fedje. | Delvis gjennomført gjennom avtale med Visit Bergen. Vidare arbeid skal gjerast i samarbeid med Visit Bergen, Region Nordhordland. Det må søkjast midlar til prosjektet Ansvar: Reiselivskoordinator. Frist: 23/24. |
| 13. <i>Lage brosjyre og heimeside for reisemål Fedje</i> | På oppdrag frå Fedje kommune oppdaterer Fedje Landhandel og turistinformasjon (FL&T) årleg ein reiselivsbrosjyre. For sesongen 2023 oppgraderast brosjyren frå eit 2- sidig A4 til 8 siders A5 brosjyre med betre kvalitet. Den distribuerast på ein rekke plasser lokalt, men ingen andre stadar på «hi sio». Brosjyren blir oversett til engelsk. Fedje kommune har etablert og held ved like ein reiselivsportal; <i>Destination Fedje</i> . | Gjennomført Vidare og større distribusjon. Det må avklarast kven som skal lage brosjyre på engelsk. Ansvar: Reiselivskoordinator Frist: 23/24 |

| | | |
|-------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | Reiselivsbrosjyren kan lastas ned derfrå.. | |
| <i>14. Aktivt nytte regionsamarbeidet med Bergen Reiselivslag</i> | Fedje kommune er medlem i Visit Bergen. Kontakt og samarbeid fungerer godt. Visit Bergen besøker Fedje ofte, og Fedje marknadsførast på heimeside i tillegg til at det og blir produsert videosnuttar. | Gjennomført Gå i dialog med Visit Bergen og prøve å få Fedje «lenger fram» på heimesider, i Turistinformasjonen i Bergen og på sentrale plasser i Bergen. Heng saman med pkt. 12 Ansvar: Reiselivskoordinator. Frist: 23/24. |
| <i>15. Produktpresentasjon</i> | Sjå punkt 13 og 14 | Delvis gjennomført Kan vidareutviklast Ansvar: Reiselivskoordinator |
| Tilrettelegging/infrastruktur | | |
| <i>16. skilting og informasjon</i> | Ein viktig del av Reiselivsbrosjyren for Fedje er turkartet. På same måte som Reiselivsbrosjyren oppdaterast dette årleg. Eit av prosjekta i Liv og Lyst på Fedje (LOL) er betre skilting. Ein del skilt er henta hos kommunen og montering er planlagd. Det er planlagd å produsere to større kopier av turkartet. Eit skal monterast på vegg ved FL&T og eit på vegg på venterommet på Sevrøy. Vidare et det tenkt å produsere eit «vegskilt» - tilsvarande det som står på Vinappen. Det skal være plassert i nærleiken av «Velkomen Heim» skiltet på kaia. Dette skal vise veg til for eksempel. Dagsturhytten, Nordsjøløypene, Pernille, Kafèhjørnet etc. | Delvis gjennomført Ansvar: Reiselivskoordinator |
| <i>17. Seinare avgang for ferja</i> | Eit av måla for reiselivssatsinga på Fedje er å få fleire overnattingsdøgn og fleire til å vitje Fedje | Ikkje gjennomført Ansvar: kommunen |
| <i>18. Etablere fotopunkt og wifi</i> | Fedje har i dag fleire slike punkt. «Velkomen Heim» skiltet i hamna | Blir teke ut av planen fordi Liv og |

| | | |
|-------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | er et ynda fotomotiv på same måte som «vegskiltet» på Vinappen. Andre forslag har vært vurdert. Mellom anna ein «kjempestol» lik den som står på Manger, å setje opp ei utkikks - tønne ved harpunen og ei «Kjempestor fotoinnramming». | Lyst ikkje har ei gruppe som arbeider med dette |
| 19. <i>Leggje til rette for bubil- og båtturistar</i> | Det er opparbeida gode parkeringsmoglegheiter for campingvogner og bubar på Fab. Nr. 8 og Fedje Ferietun. På begge plassane er det tilgang på vatn, dusj, toalett, vaskemoglegheiter og straum. Båtturistar kan nytte seg av gode fortøyingsmoglegheiter på Fab. Nr. 8 og på Frysekaien. På Frysekaien er det i tillegg drivstoffanlegg og vatn til biler og båtar og lading for el-biler. | Gjennomført På fine dagar kan det bli eit problem med trafikkavvikling og parkering, spesielt ved kaia/sentrum Vi treng og ei tilfredsstillande sortering av boss. Ansvar: kommunen |
| 20. <i>Båtruter til Fedje</i> | Høg prioritet. Fortsette dialogen med Rødne for å etablere eit «Havcruise». Avtale om to «testturar» sommaren 2023. Fylkeskommunen og kommunen stiller med underskotsgaranti | Delvis gjennomført Ansvar: FL&T/Fedje Maritime Næringsråd. Frist: 23/24. |
| Kompetanseutvikling og kvalitet | | |
| 21. <i>Etablere eit lokalt reiselivsforum</i> | Dei fleste reiselivsaktørane er medlem i Fedje Maritime Næringsråd. Dei samlast regelmessig til lunsj og informasjonsutvikling. Reiselivet er representert med ein representant i styret, for tiden FL&T. Nyleg vedtok styret å løfte fram reiselivet som eit satsingsområde på Fedje | Gjennomført |
| 22. <i>Kurs for næringsaktørar</i> | Tilby kompetanseheving i form av servicekurs, vertskapskurs, Utvikling av opplevingar og andre relevante kurs og foredrag. Å bevisstgjere alle om kor viktig reiseliv og vertskapsrolla er blir sentralt for korleis dei som vitjar Fedje opplever vitjinga | Delvis gjennomført Ansvar: Liv og Lyst driv ikkje dette lenger. Kan Fedje næringsråd og reiselivskoordinator ta ballen vidare? |
| 23. <i>Gjesteundersøking</i> | Eit svært viktig tiltak som vil gi verdifull kunnskap og nødvendig forventningsavklaring. Dette er viktig å få gjort så fort som mogleg. Det skal danne grunnlag for korleis vi skal arbeide vidare med reiseliv på Fedje | Forslag: Utarbeide spørsmål, produsere og dele ut ark, samle inn svara og lage rapport. |

| | | |
|-------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | | Ansvarleg: FL&T. Kostnader: Kr. 10.000,-. Frist: Snarast |
| Organisering | | |
| 24. <i>Nullpunktsanalyse for reiselivsnæringa</i> | Fedje kommune og reiselivet på Fedje legg til grunn at å satse på reiselivs vil slå positivt ut på omsetning, verdiskaping, gjestar og arbeidsplassar. Å talfeste dette vil bli krevjande og omfattande. effekten av arbeidet er usikker. | Ikkje gjennomført Forslag: Ikkje prioritert. |
| 25. <i>Guidar</i> | FL&T får stadig førespurnad om dette. Pr. i dag kontaktar vi 3-4 lokale guidar som tar på seg denne typen oppgåver. Det fungerer greitt, men på sikt må det profesjonaliserast meir. Arbeide for å skaffe oversikt, inngå nye avtaler, lære opp nye guidar og liste desse opp i Reiselivsbrosjyre for Fedje. | Delvis gjennomført Ansvar: Reiselivskoordinator Frist: 23/24. |
| 26. <i>Turistinformasjon</i> | Dagens turistinformasjon fungerer brukbart. Dagens aktivitet kan ikkje forsvare å utvide med eigne tilsette. Turistinformasjonen svarer på telefon eller e-post innan 24 timer både i og utanfor sesong. Dei vitjande får svar direkte eller så blir dei vist til kommunen sin reiselivsportal «Destination Fedje». Der kan dei laste ned Reiselivsbrosjyren og skreddarsy sin eigen «Ferjetur». For tilbod om «pakketering» blir dei vist til «Nordhordland Adventures». | Gjennomført Nordhordland Adventures har gitt seg. Fedje Ferietun har teke over oppgåva. Ansvar: Fedje Ferietun |
| 27. <i>Rettleiarordning</i> | Tilby ei mentorordning eller starthjelp for dei som vil etablere ny reiselivsverksemd, i form av rådgiving, kommunal rettleiing eller næringsfond. Går inn i oppgåvene til reiselivskoordinator | Ikkje gjennomført Ansvar: Reiselivskoordinator. (Sjå pkt. 29.) Frist: 23/24. |
| 28. <i>Organisering av lokal aktivitetsleverandør/koordinator</i> | Vurdere ei løysning med å få på plass ein lokal koordinator/operatør der turistar kan bestille overnatting og aktivitetar online gjennom eit felles Booking system, og som kan jobbe med produktutvikling og kvalitetssikring lokalt mot reiselivsbedriftene. Etablere eit spleiselag mellom kommune, Liv og Lyst, lokalt næringsliv og fylkeskommune om finansiering av eit 2 årig prosjekt | Delvis gjennomført Ei vidareføring av ordninga må planleggjast og budsjetterast Ansvar: Fedje Maritime Næringsråd Frist: sommaren 2023 |

| | | |
|-------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | med reiselivskoordinator etter «mal» for prosjektleiar LOL. Kostnader: Søkje om 100.000,- til prosjektet | |
| Forslag til nye tiltak/aktivitetar | | |
| 29. «Prøvebu» | Prosjektet skapar god marknadsføring og omdømmebygging. Vi må jobbe vidare med å skaffe fleire bustadar og moglegheit for arbeid. Sjå på moglegheita for å lage eit arbeidsfellesskap (lokale) for dei som kan arbeide heimanfrå (heimekontor) | Vidareføring av prosjektet Ansvar: Fedje kommune |
| 30. «Liv og Lyst» | Vidareføre prosjektet til ei permanent satsing etter modell frå Fønnes bygdelag. Prosjektet blir avslutta i 2023. Prosjektet har gjort sær mykje for å fremje livskvalitet og opplevingar for både fastbuande og dei som vitjar Fedje. Ei permanent vidareføring krev økonomiske ressursar men er veldig ynskjeleg. Dette er eit veldig godt samskapingsarbeid. | Vidareføring av prosjektet Ansvar: Reiselivskoordinator i samarbeid med kommunen, Liv og Lyst og Fedje næringsråd |
| 31. Festivalar | Etablere og arrangere festivalar som kan høyre naturleg til Fedje | Ansvar: Reiselivskoordinator i samarbeid med næringsråd og frivillige/private aktørar |
| 32. Idrettsarrangement | Etablere årlege idrettsarrangement som naturleg høyrer til Fedje | Ansvar: Fedje Idrettslag |
| 33. Desentralisert reiselivsutdanning | Etablere samarbeid med ein fagskole om å etablere eit desentralisert studietilbod knytt til mat og reiseliv. | Ansvar: Fedje Landhandleri og turistkontor |
| 34. «Ut av boksen» | Lage merksemd rundt Fedje som eit attraktivt reisemål med unike opplevingar | Ansvar: reiselivskoordinator |
| 35. Årshjul | Lage eit felles årshjul for reiselivet på Fedje. | Ansvar: Reiselivskoordinator i samarbeid med kommunen |

5. Andre tiltak knytt opp mot reiselivet

Lokalsamfunnsutvikling

Utvikling av reiselivsnæringa på Fedje er tett knytt til den generelle lokalsamfunnsutviklinga

på Fedje. Fedje har over fleire år slitt med nedgang i folketal og lite nyetablering av verksemd. Fedje kommune arbeider difor aktivt for at Fedje skal være ein attraktiv stad å bu og å vitje. Folketalet er no på veg oppover, og det er ny optimisme, mellom anna knytt til nye investeringar i reiselivet.

Det gode samarbeidet som er etablert på tvers av verksemd, frivillige og kommune er ein viktig grunnstein for å lukkast. Butikken på kaien er blitt eit godt eksempel på korleis ein lokal verksemd som er viktig for lokalsamfunnet og er viktig for dei som vitjar Fedje, året rundt.

Slik næringslivet har utvikla seg på Fedje dei siste åra er reiselivet blitt den viktigaste næringa. Nasjonale trendar visar at dette berre vil utvikle seg vidare, og at Fedje har store moglegheiter til å vidareutvikle seg som ein attraktiv reiselivsdestinasjon.

«Prøve-bu»

Kommunen sitt «Prøvebu-prosjekt» må skildrast som delvis vellykka. Prosjektet har fått mye omtale i media. 9 «Prøvebuarar» har prøvebudd Fedje. Utfordringa er å skaffe bustad og arbeid.

«Liv og Lyst»

«Liv og Lyst» er et samarbeidsprosjekt mellom Vestland Fylkeskommune, Fedje kommune og folket på Fedje. Ein rekke delprosjekt er etablert. Prosjektet blir avslutta i 2023. Det blir no viktig å vidareføre dette arbeidet som eit permanent tiltak slik at ein ikkje miss alle dei gode initiativa som er kome fram gjennom prosjektet og samarbeidsarenaen som er etablert.

Ei moglegheit er å etablere et «Landsbylag» etter modellen til Fønnes bygdelag. Dette vil kunne bidra til vidareføring av prosjektet og være ein god arena for å søke om midlar frå Sparebanken Vest, Gjensidige etc.

Festivalar

Ulike festivalar er med på å skape aktivitet og publisitet. Det er mogleg å lage festivalar som har tema knytt til ting som skjer på Fedje. Til dømes: Gin Festival, Whisky Festival, Foto Festival, Ornitolog Festival, ulike musikkfestivalar.

Idrettsarrangement

Arrangere årlege idrettsarrangement som kan høyre naturleg til Fedje. Nokre døme på arrangement kan være: Fedje triatlon, Fedje Nordsjøen-løp, Fedje Maraton, Fedje Kajakkrace:

Reiselivsutdanning

Vi ynskjer å sjå på moglegheita til å etablere ei reiselivsutdanning på Fedje i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Vestland fylkeskommune, som har komparative fortrinn innan reiseliv, har ikkje eiga reiselivsutdanning. Fedje har med dette ei unik moglegheit til å utvikle seg som eit «fyrtårn innanfor reiseliv i regionen. I praksis vil dette innebere å etablere samarbeid med ein fagskule om å etablere eit desentralisert studietilbod på Fedje.

«Ut av boksen»

Det er kome forslag om å etablere en «ut av boksen» gruppe for lage merksemd rundt Fedje som reisemål, være ein del av marknadsføringa, og skaffe presseomtale. Nokre idear er: EL-Sjøfly til Fedje, Utvide «Small Ships Races» til å bli eit nasjonalt arrangement, Bro over

sundet i hamna, berre lov med el-biler på Fedje (fossilfri sone), Verdás einaste Landhandleri i sitt slag, Kvalsafari, «Slow Island» etter «slow City» konseptet.

Årshjul

Lage eit felles årshjul for reiselivet på Fedje. Få fram kven som samarbeider og kven som har ansvar. Alle tiltak og aktivitetar som er vedteke i planen må inn i årshjulet, og det må lagast ein årleg rapport med status i arbeidet med reiseliv på Fedje. Rapporten leggjast fram for kommunestyret, næringsrådet og innbyggjarane på Fedje

6. Organisering og fordeling av oppgåver

Det er allereie etablert eit godt samarbeid mellom ulike aktørar på Fedje (Næringsråd, kommune, frivillige lag og små og store reiselivsverksemder). Dette arbeidet må vidareførast. Dei ulike rollene og ansvaret til kvar enkelt aktør i samarbeidet bør konkretiserast.

Næringsrådet har søkt om midlar til eit prosjekt for å tilsette ein reiselivskoordinator. Dette blir eit spleiselag mellom kommune, næringsråd og verksemder.

Eksemplar på oppgåver til ein reiselivskoordinator:

- Setje i verk og følgje opp tiltaka i revidert reiselivsplan 2023-2027
- Representere Fedje i reiselivssamanheng. Marknadsføring
- Utvikle vertskapsrolla
- Skrive historia om Fedje og Landsbyen i havet. Byggje omdøme
- Utvikle og designe nye produktet saman med dei lokale tilbydarane
- Lage plan for kommunikasjon og marknadsføring
- Etablere og vedlikehalde lokale og regionale nettverk
- Søkje om midlar og rapportere på årshjulet

7. Økonomi

Tidlegare har arbeid med reiseliv vært prega av mykje frivillig arbeid og lite økonomiske ressursar. Fedje kommune set kvart år av ein sum til næringsutvikling, og det meste av midlane blir bruk innan reiseliv. Alle dei politiske partia er særskilt oppteken av at kommunen skal være ein aktiv næringsutviklar, og ynskje nyetablering og vekst. Fedje næringsråd, private aktørar og kommunen har gått saman om å finansiere ein reiselivskoordinator (100 000,-) i 2023/24. Lista over arbeidsoppgåver i planen som er knytt til reiselivskoordinator må sjåast på som ei liste over moglege oppgåver. Det er ikkje realistisk at denne ressursen

kan gjennomføre alt som er lista opp i handlingsplanen. Det må difor gjerast ei prioritering av kva oppgåver ein skal prioritere for reislivskoordinatoren i prosjektperioden (2023/24).

Skal ein lukkast med ambisjonane som denne planen legg opp til, vil det krevje mykje ei større økonomisk satsing enn det det er lagt opp til i dag. Arbeidet med utvikling av reiselivet på Fedje har i stor grad vært gjennomført gjennom dugnadsarbeid. Fedje kommune har gått inn i Industriutvikling Vest (IUV) sitt 5 årige SIVA prosjekt. Her finns både midlar, kompetanse og rettleiing til alle næringsaktørar på Fedje.